

Dagen

# Kananearkona

Ei hjelpelaus mor —!  
Når møtte du noko meir sorgsamt på jord?  
Der morshjarta elsker sitt dødssjuka barn  
som frådande vrir seg i Satan sitt garn.  
Seg, møtte du nokonstad her på vår jord  
slik hjelpelaus mor?

Her ser du ei slik.  
Og barnet er mest som ett livande lik.  
Ho strævar og vaker og ofrar og lid,  
i angst og i hugverk, i uro og strid —!  
Ved lægjet åt barnet som ikkje hev vit  
ho hjelpelaus sit.

Sjå tårorne renn,  
so kinni vert våte, og augo dei brenn — —.  
Og armane dovnar, når barnet ho ber — —,  
og likamen skjelv når i vanvit det lær — —.  
I sorgi ho vert so til innkjes og trøytt,  
som kunde ho døytt.

Då vaknar ei von:  
Ho høyrer om Israels David sin son.  
Han fer gjennom bygder og byar i sud  
med jartekn og under, som var han ein Gud!  
Eit brennande ynskje i barmen ho fær!  
»A, gjev han kom her«!

Ei heidningemor —!  
Seg, kan me vel tenkja oss nåden so stor,  
at ho skal få oppliva svar på si von,  
og andlit til andlit få møta Guds son?  
Jau, Frelsaren kom til den heidningegrend,  
av Faderen send.

Ho spring han i mot.  
Og kastar seg skjelvande ned for hans fot:  
»Gjer misskunn mot sinnsjuka dotteri mi  
som pinest der heime. A, gjer henne fri!  
Men Frelsaren svara ho ikkje eit ord.  
A, sorgtunge mor!

So kunde ein tru  
ho i si fortvilning laut heimatter snu.  
Men Ordet fortel at ho bruka sin rett  
til »molane« som frå Guds nådebord dett.  
Kom sigrande heimatt til barn og til slekt.  
Fann dotteri lækt!

Johs. M. L. Rydland.